



***PLAN FOR
GODT
SKULEMILJØ***



Innholdsliste

Mål og forventingar	3
Førebygging	5
Tilhøvet mellom lærar - elev og lærar - klasse	5
1.2 Tilhøvet mellom elev - elev	5
1.3 Tilhøvet mellom lærar - føresette	5
1.4 Skulestart	6
1.5 Rutinar som sikrar skuledagen	6
2. Avdekking av mobbing	7
2.1 Årlege trivselsundersøkingar	7
2.2 Ved mistanke om mobbing	7
3. Problemløysing av mobbesaker	8
3.1 Undersøkingar for å sikra fakta	8
3.2 Første samtale med offer	8
3.3 Første samtale med plagar	8
3.4 Felles møte mellom plagar og offer	9
3.5 Oppfølgingssamtalar med offer	9
3.6 Oppfølgingssamtalar med plagar	9
3.7 Samtalar med føresette til offer	9
3.8 Samtalar med føresette til plagar	9
3.9 Samarbeid med andre instansar ved mobbing	10
3.10 Arbeid i etterkant av ei mobbesak - elevarbeid	10
3.11 Arbeid i etterkant av ei mobbesak - organisasjonsarbeid	10
4. Konsekvensar ved brot på reglane	11
5. Kontinuitet	11

Mål:

Opplæringslova kapittel 9a slår fast at alle elevar i skulen og på skulefritidsordninga har krav på eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Dette er eit felles ansvar mellom skule og heim, og me vil gjennom samarbeidet med føresette og elevar laga eit godt læringsmiljø for alle, der elevane har høg grad av påverknad. Alle elevane skal oppleva eit inkluderande sosialt og fagleg miljø og få ei undervisning som er tilpassa den enkelte.

Alle har rett til å føla seg trygge på skulen, og me har derfor nulltoleranse for mobbing. Dei vaksne på skulen og skulefritidsordninga er tydelege rollemodellar, og me forventar at alle er lojale mot skulen sine reglar.

Dette kan du forventa av personalet ved Sinnes skule:

- Me ser på elevar og føresette som likeverdige samarbeidspartnarar. Skulen legg til rette for eit godt samarbeid.
- Alle elevar skal få vera i eit inkluderande sosialt og fagleg miljø og få ei undervisning som er tilpassa den einskilde.
- Heile personalet arbeider med å skapa tryggleik for elevane, og elevane blir møtt med omsorg og respekt.
- Kontaktlærer eller annan lærar tek kontakt med føresette om noko spesielt skulle henda deira barn.
- Me evaluerer kontinuerlig både vårt og elevane sitt arbeid.
- Personalet skal vera førebilete gjennom positiv framferd, og lojalitet til skulen sitt reglement.
- Kontaktlærer tek ansvar for å gjennomføra elevsamtalar og konferansetimar med føresette.
- Personalet ved Sinnes skule har teieplikt og overheld denne.
- Administrasjonen sørgjer for at gjeldande regelverk alltid er tilgjengeleg for tilsette/vikarar og gjennomgått ved skulestart.

Dette forventar me av deg som føreset:

- At du hjelper barnet ditt til å leva opp til skulen sine forventningar.
- At du omtalar skulen, dei tilsette og elevane på ein positiv måte ovanfor barnet ditt.
- At du gjer deg kjent med regelverket ved skulen.
- At du deltek på foreldremøte og konferansetimar og følgjer opp felles avtalar.
- At du tek del i informasjon frå skulen, skriv på, og sender tilbake svarlappar.
- At du held kontakt med kontaktlæraren til barnet.
- At barnet ditt kler seg fornuftig og er godt førebudde til skuledagen.
- At barnet ditt er utkvilt, har ete frukost og har med skulemat.
- At barnet ditt får vera heime når det er sjukt.
- At du er merksam på mobbetendensar, og ser til at kontaktlærer får kjennskap til om ditt barn eller andre elevar blir utsette for mobbing.
- At du tek kontakt med skulen om det er noko du lurar på. Det barnet ditt fortel heime er kanskje berre ein liten bit av sanninga og heilskapen. Gjennom samtalar kan ein saman laga eit meir heilskapleg bilete.
- At du roser, oppmuntrar og lyttar til barnet ditt.
- At du interesserer deg for barnet sine heimeoppgåver, og hjelper barnet til å ta ansvar for at arbeidet blir gjort.
- At du stiller deg velvillig til å vera klassekontakt, med i FAU og deltek aktivt i heim/skule-samarbeidet.

Dette forventar me av deg som elev:

- At du fylgjer skulen sine reglar.
- At du opptrer omsynsfullt, og ikkje gjer andre elevar eller vaksne noko vondt.
- At du viser respekt for alle og er hjelpsam.
- At du lyttar på andre, og ventar på din tur.
- At du bruker positive ord.
- At du passar tida.
- At du har god bordskikk.
- At du hjelper til med å halda skulen rein og fin, og seier i frå til ein vaksen om noko går sund eller blir øydelagt.
- At du tek vare på skulesakene dine og gjer leksene.
- At du sjølv tek ansvar for å ta med det utstyret som trengs heimanfrå.
- At du går ut i friminutta om ikkje anna er avtala.
- At du held deg innanfor skulen sitt område i skuletida.
- At du leverer informasjon frå skulen heime.

1. Førebygging - alle elevar skal oppleve eit godt skulemiljø

1.1 Tilhøvet mellom lærar - elev og lærar - klasse

Læraren er ein tydeleg vaksen som elevane har tillit til. Han er klassen sin leiar med klare rutinar og reglar. Det er nulltoleranse for åtferd som er ubehageleg for andre. Læraren er merksam på kvar elev sine behov, men stiller samstundes krav til eleven sin arbeidsinnsats og åtferd. Elevane har medansvar for klassemiljøet og trenar på å ta ansvar.

Moment som fremjar dette, kan vera:

- Klassereglar for arbeidsro og åtferd som blir utarbeidd av kvar klasse ved skulestart
- Elevsamtalar
- Loggbok
- Uformelle samtalar mellom elev og lærar
- Ros og oppmuntring i kvardagen
- Positive aktivitetar for å byggja opp tillit, t.d. turar
- Finna eleven sine sterke sider som kan visast for andre elevar
- Evaluera klassemiljøet
- Klassering

1.2 Tilhøvet mellom elev - elev

Elevane i klassen tek vare på kvarandre og er opptekne av at alle har det trygt. Elevane viser respekt for kvarandre, og snakkar saman i staden for å snakka om kvarandre. Elevane er trygge på at dei kan snakka med kontaktlærar eller sosiallærar om dei ikkje kan ordna opp sjølv.

Moment som fremjar eit godt tilhøve mellom elevane, kan vera:

- MOT (8.-10. klasse)
- Zippy sine vener (1.-4. klasse)
- Klassering (1.-10. klasse)
- Eldre elevar får ansvar i friminutta - aktivitetsleiarar
- Mobbing/god åtferd er tema med jamne mellomrom

1.3 Tilhøvet mellom lærar - føresette

Samarbeidet mellom skulen og heimen er prega av respekt, tillit og samarbeidsvilje.

Moment som fremjar eit godt samarbeid er:

- Klasseforeldremøte tidleg på hausten og om våren
- Konferansar haust og vår der ein snakkar om både fagleg og sosial utvikling
- Felles forståing for skulen sine normer og reglar
- Laga årsplan for skule-heim-samarbeidet saman med klassekontakt(ane) om hausten. Føresette er med på å arrangera sosiale samlingar som t.d. gåtur, spelekveld, skitur, bowling e.l.
- Haustsamling for elevar, lærarar og føresette
- Felles tur for heile skulen der føresette blir inviterte med
- FAU arrangerer eit felles foreldremøte med passande tema ein gong i året

1.4 Skulestart

Skulestarten er trygg og gjev alle elevar ei positiv oppleving. Læraren er ein trygg leiar som tek vare på og hjelper kvar elev.

Moment som fremjar ein god start på skulen:

- Innskriving om våren der elevane treff læraren dei skal ha
- Barnehagen besøker skulen minst ein gong om våren
- 1. klasse besøker barnehagen om våren
- Overgangsmøte mellom skule og barnehage med informasjonsutveksling
- Elevane blir gjort kjende med skulebygg, klasserom, garderobe og toalett når dei startar
- Enkle og klare reglar og rutinar
- Felles samling fyrste skuledag der alle elevane blir presenterte
- Fadderar frå 10. klasse/ungdomsskulen
- "Bli kjent-aktivitetar" i klassa
- Klasseforeldremøte tidleg på hausten

1.5 Rutinar som tryggjar skuledagen

Rutinar skulen har for å få ein trygg skulegard, trygge toalett, trygg gymnastikkfløy og trygg skuleveg for den einskilde eleven:

- To vakter ute i friminutta med lett synlege Zero-vestar
- Alltid ei vakt i området mellom skulen og ballbingen
- Ein lærar står ved skuleporten/skulebussen ved skuleslutt
- Større elevar kan få ansvar i friminutta: Aktivitetsleiarar og/eller vakt
- Felles reglar og forståing for kva åtferd som blir tolerert
- 1.-4. klasse har lærar inne i klasserommet når dei et skulematen sin
- Alle elevar skal vera på eige klasserom når dei et, og om nødvendig ha lærar inne
- Rektor har møte med bussjåførane kvar haust der åtferd er eit tema. Om nokre elevar opplever skulebussen som utrygg, kan ein vaksen fylgja bussen for ein periode (gå på omgang blant føresette)

2. Avdekking av mobbing

Målet er at all mobbing som går føre seg i og ved skulen vert avdekka.

"Med mobbing eller plaging forstår me psykisk og/eller fysisk vald retta mot eit offer, utført av einskildpersonar eller grupper. Mobbing føreset eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plagar, og episodane vert gjentekne over tid."

Dømer på mobbing er utestenging frå kameratflokken, rasisme, stygge kommentarar, stygge blikk og nedlatande haldning til medelevar, slag/spark, negative kommentarar på mobil eller internett og lite respekt for medelevar.

Elevane skal gje beskjed til føresette eller ein lærar om dei veit om nokon som blir plaga eller mobba. Det er viktig å poengtera at det ikkje er å sladra, men å ta ansvar.

Føresette har plikt til å melda frå til skulen om dei veit at plaging eller mobbing skjer. Føresette må involvera seg, og gjerne ta kontakt med kvarandre for å prøva å løysa saka.

Om ein lærar får informasjon om mobbing, skal han/ho gje tilbakemelding om at noko blir gjort til dei som melder frå.

2.1 Årlege trivselsundersøkingar

- Zero-undersøking og den nasjonale brukarundersøkinga om våren
- Lokal trivselsundersøking om hausten
- Resultata av undersøkingane er tema på klasseforeldremøta og konferansane haust og vår

2.2 Ved mistanke om mobbing

- Informasjonsinnhenting gjennom observasjon:
Kontaktlærar får beskjed om tilhøve i sin klasse og informerer kollegiet, slik at alle kan vera observante. Alle lærarane er ansvarlege.
- Informasjonsinnhenting gjennom samtale med den ein trur er offer:
Samtale med eleven. Eleven må få beskjed om kva som skjer vidare - handlingsrekkje. Føresette skal bli kontakta. Involverte må få tilbakemelding.
Kontaktlærar eller ein annan som eleven har tillit til, tek ansvar for dette.

3. Problemløysing av mobbesaker

Pedagogisk personale på skulen/ SFO og rektor tek ansvar og initiativ for å stoppa mobbing. Dette vert gjort på måtar som i neste omgang førebyggjer mobbing ved skulen.

3.1 Undersøkingar for å sikra fakta

- Lærarar som har fått kjennskap til ein mobbesak skal innhenta informasjon/fakta om mobbinga: Når? Har det skjedd fleire gonger? Kor skjer det? Kven blir mobba? Kven mobbar? Skriv ned informasjonen.
- Den som får informasjonen, må gje beskjed til kontaktlærarane til dei involverte elevane. Teamet og sosiallærer samarbeider om problemløysinga.
- Etter to veker må ev melder få tilbakemelding om at skulen jobbar med saka.
- Vaktene i friminutta får beskjed om det er enkelte elevar dei bør følgja ekstra med.
- Lærarane fører logg over det som skjer i ei notisbok, t.d.: *Dato ... fekk eg vita at ... blir plaga. Eg gjorde følgjande...*

3.2 Første samtale med offer

- Læraren forklarar grunnen for samtalen: "*Eg har høyrte at du blir plaga...*" (Ikkje start med å intervjuar eleven: "Korleis har du det?" Mange elevar vil då skygga unna, bli flau.)
- Læraren gjev uttrykk for at han ikkje tolererer mobbing og informerer om kva som skjer vidare.
- Den som blir mobba, skal vita på førehand når mobbarane blir konfronterte med saka.
- Set av tidspunkt for ny samtale.
- **Ansvarleg:** Kontaktlærer

3.3 Første samtale med plagar

- Om det er fleire plagarar, skal ein snakka med dei ein og ein. Samtalane vert gjennomførte fortløpande, utan at plagarane får snakka saman før alle har snakka med læraren. Læraren bestemmer kven som skal fyrst. Kven kan vera mest samarbeidsvillig?
- Læraren har oversyn over situasjonen før møtet, og har innhenta informasjon over tid.
- Plagarane blir gjort kjende med alvor i den faktiske situasjonen. Det er ein open samtale om kva som har skjedd. Plagarane må få koma med sin versjon. Læraren skriv ned det som blir sagt, for å ansvarleggjera eleven ved ev løgn.
- Læraren gjev plagarane moglegheit til å finna gode løysingar, og elevane forpliktar seg til positiv åtferd ovanfor offeret. Elevane skal ta avstand frå mobbing. Partane må bli samde om kva dei seier til medelevar og mobbeoffer om saka.
- Til slutt samlast alle plagarane og læraren for å ta ei avgjerd om korleis dei skal oppføra seg framover.
- Lærar må seia at mobbeofferet veit om samtalen, men få fram at det er læraren som har teke initiativ til å ordna opp i saka.
- Avtala nytt oppfølgingsmøte om to - fire dagar.
- Seia frå at føresette blir informerte, og oppfordra dei til å informera føresette sjølv når dei kjem heim
- **Ansvarleg:** Kontaktlærer

3.4 Felles møte mellom plagar og offer

- Enten møtest mobbar og offer på slutten av den første samtalen med mobbarane, eller så må det arrangerast eit fellesmøte ganske snart.
- Elevane får koma med forslag til løysing. Læraren lagar saman med dei involverte ein forpliktande skriftleg avtale.
- Konsekvens om avtalen blir broten: Føresette blir kontakta, og nedsett åtferdskarakter kan vera eit resultat.
- Blir saka ikkje løyst på dette nivået, skal føresette trekkjast inn i felles møte.
- **Ansvarleg:** Kontaktlærer

3.5 Oppfølgingssamtalar med offer

- Læraren må halda kontinuerleg kontakt for å støtta eleven som blir mobba.
- Normalt med to-tre møter før ein tek kontakt med mobbarane.
- Innhenta meir informasjon om mobbinga, namn på plagalar, vener osv. Kan åtferda til mobbeofferet stimulera plagarane? Snakka om dette utan at offeret blir gitt skulda for det som skjer.
- **Ansvarleg:** Kontaktlærer

3.6 Oppfølgingssamtalar med plagar

- Gruppe- eller einesamtalar må fortsetja til situasjonen er løyst og stabilisert.
- Læraren må visa at han følgjer nøye med vidare.
- Reaksjonar om ikkje mobbinga stansar: Møte mellom plagar, plagaren sine føresette, offeret sine føresette og lærarar. Plagaren må følgja dei lærarane som har vakt i friminutta om naudsynt.
- **Ansvarleg:** Kontaktlærer

3.7 Samtalar med føresette til offer

- Dei føresette blir kontakta etter fyrste møte mellom mobbeoffer og lærar.
- Læraren må lytta respektfullt til føresette (som ofte kan koma med sterke skuldingar og ynskje om strenge tiltak). Læraren må garantera at skulen tek fatt i problemet, og gjera ein avtale om korleis ein skal gå fram.
- Føresette må godta at skulen tek regien.
- **Ansvarleg:** Kontaktlærer

3.8 Samtalar med føresette til plagar

- Hovudregelen er at føresette til plagaren blir informerte same dag som ein har den fyrste samtalen med plagaren. Dei blir informerte om saka over telefon eller møte same kveld.
- Er det fleire plagalar, må ein vurderer om dei skal kallast inn kvar for seg eller samla.
- Føresette bli orienterte om samtalan med mobbeoffer, offeret sine føresette og samtalen med plagarane.
- Skulen ber føresette om å snakka alvorleg med sine barn.
- Er føresette usamde i at mobbing har skjedd, kan læraren føreslå nytt møte med bare dei og rektor/kontaktlærer.

- Avtal kommunikasjon vidare, ev møte mellom plagarane og mobbeofferet sine føresette.
- **Ansvarleg:** Kontaktlærer

NB! Skulen kan etter nøye vurdering løysa ei mobbesak utan å involvera plagarane sine føresette. Dei kan bli informerte i etterkant, eller skjermast for informasjon.

3.9 Samarbeid med andre instansar ved mobbing

- Bussjåførar, taxisjåførar: Møte med rektor kvar haust og elles når det er naudsynt.
- Helsesyster har faste dagar på skulen og kan nyttast til samtalar med elevar, føresette og lærarar. Deltek på opplegg om psykisk helse.
- PPT har fast samarbeid med skulen. **Ansvarleg:** Kontaktlærer/rektor
- Andre: Politi, BUP, barnevernet. **Ansvarleg:** Rektor

Prosedyrar for samarbeid med partar utanfor skulen:

Involverte lærarar og rektor har møte og diskuterer kva som blir neste steg i arbeidet og tek eventuelt kontakt med ulike instansar. Kontaktlærer/rektor /administrasjon har ansvar. Rektor er alltid ansvarleg om politi, BUP eller barnevern er involverte.

Ansvarleg for å følgja opp prosedyrane: Rektor

3.10 Arbeid i etterkant av ei mobbesak - elevarbeid

Etter at ei mobbesak er løyst, vil det vera nødvendig å jobba strategisk i høve til dei ulike partane: Mobbeofferet, mobbarane og tilskodarane. Målet er å førebyggja, slik at dei ikkje kjem i nokon av desse rollane seinare.

Følgjande moment kan fremja dette arbeidet:

- Møte med jamne mellomrom. I starten kvar veke, men etter kvart kan ein auka intervallet mellom møta.
- Jobba med tema mobbing på klassetrinnet gjennom skulearbeid og/eller spesielle mobbeprogram (Zero, Zippy, klassering, loggbok, Steg for steg, Regnbueprosjektet).
- Positive aktivitetar som kan binda elevane betre saman (sportsturnering, tevling, laga film, kafé, temadag om mobbing, teambuilding m.m.)
- Læraren er forplikta til å setja i gang minst eitt tiltak og informerar rektor om dette.
- **Ansvar:** Kontaktlærer ved hjelp av teamet

3.11 Arbeid i etterkant av ei mobbesak - organisasjonsarbeid

Det er viktig at kvar mobbesak vert avslutta med ei evaluering der leiinga saman med aktuelle partar drøfter kva organisasjonen kan læra med tanke på å førebyggja mobbing.

Prosedyrar for jobbing i etterkant - med fokus på organisasjonen:

- Gjennomgang av saka med tanke på kva ho viser av organisering og rutinar som ikkje fungerer godt nok.
- Kollegiet kjem med forslag til tiltak.
- Gå gjennom skulen sine vaktordningar, reglar, planar og prosedyrar for å sjå om desse kan betrast
- **Ansvarleg:** Rektor/administrasjon

4. Konsekvensar ved alvorlege brot på reglementet:

4.1. Fyrste gongs alvorlege brot på reglementet:

Samtale med kontaktlærer, sosiallærer, inspektør eller rektor i ein skuletime ved:

- uro i klassa som hindrar undervising
- nyttar stygt språk mot medelevar eller vaksne
- hærverk
- alvorleg plaging eller fysisk utagering

Eleven ringer til føresette og fortel kva som har hendt medan den vaksne høyrer på samtalen.

4.2. Andre gongs alvorlege brot på reglementet:

Brev heim om fare for nedsett åtferdskarakter

4.3. Tredje gongs alvorlege brot på reglementet:

Nedsett åtferdskarakter

4.4. Vidare alvorlege brot på reglementet:

Bortvising frå enkelttimar eller resten av dagen (1.-10. klasse) eller inntil tre dagar (8.-10. klasse), jf §2-10 i Opplæringslova. Rektor vedtek bortvising etter å ha rådført seg med læraren til eleven. For 1.-7. klasse skal føresette varslast og ha moglegheit til å ta seg av eleven før bortvising kan tre i kraft (jf pkt.4, §2-10 i Opplæringslova).

Ved alvorleg mobbing som ikkje tek slutt etter gjennomføring av pkt 3 og 4: Mobbaren/mobbarane bytter skule.

5. Kontinuitet

Mål: Skulen sitt arbeid med å førebyggja, avdekkja og stoppa mobbing går føre seg kontinuerleg

- Mobbesaker blir løyste på så lågt nivå som mogleg, men læraren tek kontakt med andre lærarar, teamet og rektor når det er naudsynt. Plan for "Godt skulemiljø" inneheld framgangsmåte i å løysa mobbesaker og oversyn over kven som har ansvar for dei ulike områda.
- Planen blir revidert i kollegiet kvar haust. Nye tilsette får planen. Planen blir sendt til FAU for innspel.

Ansvarleg: Rektor

Sinnes skule 21.04.2010
Åse-Berit Fidjeland
konstituert rektor

Vedlegg:
Ordensreglane for Sinnes skule
Sinnes skule sin HMS-delplan